

Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 01.02.2017

Sak nr.: 17/657-3

Internt l.nr. 4530/17

Sak: 15/17

Tittel: **Fråsegn til Jordbruksmeldinga "Endring og utvikling - En fremtidsrettet jordbruksproduksjon" - Meld. St. 11 (2016-2017)**

Behandling:

Frå hovudutval for næring og kultur låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Framtidig jordbrukspolitikkk må ta i vare fylket og distrikta sin eksisterande bruksstruktur. Verkemidla må styrast slik at også små og mellomstore bruk vert tekne i vare. Forenkling må ikkje gå på bekostning av treffsikkerheita i tilskotsstrukturen.
2. Den overordna målsetjinga kan ikkje vere «kostnadseffektiv matproduksjon». Målsetjinga for landbrukspolitikken må formulerast utifrå desse delmåla: mattryggleik, drivverdig landbruk i heile landet, høgast mogleg sjølvforsyning, auka verdiskaping, berekraft og reduserte klimagassutslepp.
3. Rammene for midlar til investering og bedriftsutvikling må aukast. Det er framleis viktig med regional forvaltning av IBU midlane, der detaljane i verkemiddelbruken vert fastlagt regionalt.
4. Det er positivt at auka produksjon så langt som mogleg skal skje med utgangspunkt i norske ressursar. Grovfôr og beiteressursar må nyttast i produksjonane. Ei betre utnytting av desse ressursane vil bidra til å stimulere til eit aktivt jordbruk og hindre attgroing.
5. Det må framleis vere mogleg å produsere egg og geitemjølke i heile landet. Tilhøyrande marknadsordningar-må ikkje fjernast. Marknadsreguleringsordninga for korn må vidareførast.
6. Dagens regioninndeling for omsetnad av mjølkekvoter må ligge fast.
7. Det er viktig å sikre nok ressursar til rekruttering og kompetanseheving i landbruket. Avløysartilskotet må vidareførast i dagens system, og ikkje leggast om til ein del av produksjonstilskotet. Det må og sikrast moglegheiter for tidlegpensjon slik at nye generasjonar kan sleppe til i landbruket.
8. Klima og miljøomsyn må vektleggast. Det er særleg viktig å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag. Det må settast av tilstrekkelege ressursar dette . Det må og setjast av midlar til t.d. nydyrking og grøftetilskot. Kompensasjonsordningar for bonden som følgje av klimatiltak må vurderast nærare.

Endringsframlegg:

Senterpartiet sette fram slikt framlegg som tillegg i punkt 2 i tilrådinga frå hovudutval for næring og kultur:

Gode inntektsmoglegheiter er det viktigaste verkemiddelet for å nå desse jordbrukspolitiske måla.

Avrøysting:

Senterpartiet sitt framlegg til endring i punkt 2 vart samrøystes vedteke. Marita Gunn Aarvik røysta mot tilrådinga frå hovudutval for næring og kultur.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Framtidig jordbrukspolitikkk må ta i vare fylket og distrikta sin eksisterande bruksstruktur. Verkemidla må styrast slik at også små og mellomstore bruk vert tekne i vare. Forenkling må ikkje gå på bekostning av treffsikkerheita i tilskotsstrukturen.
2. Den overordna målsetjinga kan ikkje vere «kostnadseffektiv matproduksjon». Målsetjinga for landbrukspolitikken må formulerast utifrå desse delmåla: mattryggleik, drivverdig landbruk i heile landet, høgast mogleg sjølvforsyning, auka verdiskaping, berekraft og reduserte klimagassutslepp. Gode inntektsmoglegheiter er det viktigaste verkemiddelet for å nå desse jordbrukspolitiske måla.
3. Rammene for midlar til investering og bedriftsutvikling må aukast. Det er framleis viktig med regional forvaltning av IBU midlane, der detaljane i verkemiddelbruken vert fastlagt regionalt.
4. Det er positivt at auka produksjon så langt som mogleg skal skje med utgangspunkt i norske ressursar. Grovfôr og beiteressursar må nyttast i produksjonane. Ei betre utnytting av desse ressursane vil bidra til å stimulere til eit aktivt jordbruk og hindre attgroing.
5. Det må framleis vere mogleg å produsere egg og geitemjølkk i heile landet. Tilhøyrande marknadsordningar må ikkje fjernast. Marknadsreguleringsordninga for korn må vidareførast.
6. Dagens regioninndeling for omsetnad av mjølkekvoter må ligge fast.
7. Det er viktig å sikre nok ressursar til rekruttering og kompetanseheving i landbruket. Avløysartilskotet må vidareførast i dagens system, og ikkje leggjast om til ein del av produksjonstilskotet. Det må og sikrast moglegheiter for tidlegpensjon slik at nye generasjonar kan sleppe til i landbruket.
8. Klima og miljøomsyn må vektleggast. Det er særleg viktig å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag. Det må settast av tilstrekkelege ressursar dette . Det må og setjast av midlar til t.d. nydyrking og grøftetilskot. Kompensasjonsordningar for bonden som følgje av klimatiltak må vurderast nærare.